



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I HJELMELAND KOMMUNE

Revidert 15.03.17

§ 1 LOV OG RETNINGSLINER

Skulefritidsordninga (SFO) i Hjelmeland kommune skal drivast i samsvar med §13-7 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift og etter retningsliner vedteke av kommunestyret, samt dei krav som gjeld for tildeling av statstilskot. Vedtekten skal fastsetjast av kommunestyret. Private ordningar skal godkjennast av kommunen.

§ 2 EIGARFORHOLD

Hjelmeland kommune eig og driv skulefritidsordninga på skulane. Formannskapet er ansvarleg styringsorgan, og ordninga er administrativt underlagt rådmannen.

§ 3 LEIING OG ANSVAR

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si skulefritidsordning.

SFO skal dessutan ha ein dagleg leiar som skal ha relevant pedagogisk- og fagleg utdanning.

Leiar skal saman med det øvrige personalet i SFO driva SFO i samsvar med §13-7 i opplæringslova.

Leiar skal møta i SU med tale- og forslagsrett i saker som gjeld SFO.

Dersom foreldrerådet finn det ynskjeleg, skal foreldrearbeidsutvalet (FAU) supplerast med ein av foreldra til barn i SFO.

SFO skal utarbeida årsplan som skal godkjennast av SU.

§ 4 BEMANNING

- Reglane i opplæringslova §10-9 gjeld krav om politiattest for tilsetjing.
- Gruppestorleik:
 - Inntil 9 born: 1 vaksen
 - 10-25 born: 2 vaksne
 - 26-45 born: 3 vaksne.I tillegg kjem personar til eventuelle styrkings- og tryggleikstiltak, på lik line som dei har i skuletida.

§ 5 ORGANISERING

SFO vert organisert til skular og vert oppretta når minst 7 barn vert søkt plass for i kvar krins. I krinsar med få søkjavar, kan desse få tilbod i barnehagen dersom tilhøva ligg til rette for det. Det skal leggjast til rette for SFO både før og etter skuletid, i den grad det er etterspurnad etter tilboden.

§ 6 OPPHALDS- OG OPNINGSTID

- SFO har kjernetid frå kl 07.30 til kl 16.15 fem dagar i veka. Ut over dette må det søkjast spesielt.
- SFO held stengt på plandagar. Det skal setjast av 5 plandagar i løpet av skuleåret.
- Ein kan søkje om følgjande oppholdstider pr. veke:
 - Opphold 0-6 timer (0-6,0)
 - Opphold 6-10 timer (6,01-10,0)
 - Opphold 10-14 timer (10,01-14,0)
 - Opphold over 14 timer (14,01 +)
- Barna skal ha minst 4 veker ferie i året.
- SFO-tilboda i kommunen held stengt 4 veker i juli. Ut over dette skal alle SFO-tilboda i kommunen ha ope, forutsett at følgjande punkt vert oppfylt:
Det må vera minst tre (3) deltagarar for å oppretthalda eit tilbod i SFO sine lokaler. Dersom det er 1-2 søkjavar, får desse tilbod om plass i ein annan SFO.

Dersom særskilte grunnar tilseier det kan reglane over fråvikast. Dette må i tilfelle skje etter grunngjeven søknad via rektor til kommunalsjef for oppvekst.

§ 7 FORELDREBETALING

- Foreldrebetaling vert fakturert etter innmeldt behov og for det timetalet dei bestiller.
- Betalingssatsane vert gradert etter den opphaldstida ein søker om:
0-6 timer, 6-10 timer, 10-14 timer eller over 14 timer pr. veke.
- Betaling for mat pr. månad kjem i tillegg til betaling for opphold.
- Når det er plass kan det kjøpast opphaldstid for enkle dagar. Dette gjeld berre for barn med plass i SFO.
- Ved kjøp av ekstra tid må ein gjere avtale med den einskilde SFO. Det er opp til den einskilde SFO å vurdere dette ut i frå plass og kapasitet.
- Foreldrebetaling skjer forskotsvis per månad.
- Betalingsåret er 10 månader. Juli er fritaksmånad og ein betalar for bruk i august.
- I skuleferiane vert betalinga rekna ut frå enkeltdagar med fråtrekk for allereie kjøpt tid i SFO.
- Ein må betale for tida ein har bestilt i feriar sjølv om den ikkje vert nytta.
- Foreldre/føresette med låg inntekt skal kunne søkje om redusert foreldrebetaling for SFO.
Inga hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein SFO-plass (ophald). Det krevjast handsaming av søknad med dokumentasjon for å få innvilga slik reduksjon.

Betalingssatsane for opphold og mat i SFO blir kvart år vedteke av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga.

§ 8 OPPTAKSKRITERIUM

Opptak skjer i samsvar med opplæringslova § 13-7.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. årstrinn.

§ 9 OPPTAK

Hovudopptaket skjer i vårhavåret og gjeld for det kommande skuleåret. Opptaket kan og skje midt i eit skuleår og då for resten av skuleåret.

Rektor er opptaksinstans.

§ 10 KLAGE

Formannskapet er klageinstans. Klage på opptak skal sendast via rektor til rådmannen. Klagefristen er tre veker frå motteke melding om opptak.

§ 11 OPPSEIING AV PLASS

Oppseiing av SFO-plass må skje skriftleg og med tre (3) månadar varsel. Dette gjeld og ved oppseiing av deler av plassen (endring til lågare opphaldstid). Ein betaler for oppseiingstida. Etter 1.april må ein betale ut skuleåret.

§ 12 LEIKE OG OPPHALDSAREAL

Leike- og opphaldsarealet til SFO skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast.

§ 13 FORSIKRING

Skader som oppstår under opphold i SFO, er omfatta av folketrygdlova som yrkesskade når skade skjer på skulen sitt område og på dei dagane det er undervisning på skulen. Skader som ikkje vert omfatta av folketrygdlova, vert dekka av kommunen sine eigne forsikringar.